



Vinde- treet



2007

Sogeskrift for Vindafjord
16. årgang

948.349
(Vindafjord) Vi

Eit portrett av Georg Washington Magnus

- komponisten frå Vikedal

Monica Nicolaisdatter Haugan

Den 7. juli i året 1863 vart Georg Washington Magnus fødd på garden Hogganvik i Vikedal. Foreldra flytta like etter til Danmark der han vaks opp. Han fekk undervisning i musikk i København og studerte ved musikkonservatoriet i Leipzig der han fekk nærkontakt med det europeiske musikklivet. Som vaksen familefar budde han både i København, Bergen og nokre år på garden Hogganvik. Han komponerte sjølv både enkle songmelodiar og større musikkverk. Lite av denne musikken har vorte framført og kanskje var det som dirigent og orkesterleiar han hadde si viktigaste oppgåve. Han fekk ein brå død under framføringa av operaen Carmen i Stavanger.

Unge år i Hogganvik

Georg Washington Magnus var son av Georg Daniel Barth Magnus. Faren dreiv garden, men seinare vart han både boktrykkar og fabrikkengar i Danmark. Mora, som kom frå Danmark, heitte Hansine "Sina" Margrethe Nilsine Jacobsen. På denne tida var Hogganvik eit viktig senter for bygging av seglskuter. Det var stor aktivitet og mange tilreisande handverkarar nede ved sjøen og i skogen. Tømmer av beste kvalitet vart hogd og slept ned til skipsbyggeriet som vart kalla "storskipsverven". Begge brørne til faren var aktive i dette miljøet. Morten Andreas Magnus lærde seg skipsteikning hjå Knud Nilsen, og Fredrik, med døypenamnet Frederich Stockfleth von Krogh Magnus, sytte for at arbeidarane i "vervarstovene" i Hogganvik fekk fersk fisk frå Yrkjesvågen.

Med tida var det Morten som tok over garden, medan Fredrik gjorde det stort som skipsbyggjar ved vervane i Imsland, Hogganvik og Vikedal. Fredrik Magnus og skipskonstruktør H.C. Knudsen stod blant



anna for bygginga av fregatten "Særinner", den største seglskuta bygd i Ryfylke.

Hogganvik var elles ein kulturell og sosial møtestad for mange. Både forfattarar, musikarar og andre kulturpersonar treftes her. På byrjinga av 1800-talet var diktarpresten Jens Zetlitz ofte på besøk i Hogganvik. Han fann i dette miljøet si andre kone, Christiane Sofie Fasting von Krogh. Ho var dotter av generalmajor Søren de Fine von Krogh, som laga stev og vers. I Hogganvik var det song og musikk og poesi ut i dei seine nattetimar. Og dei musikalske strøymingane gjekk i arv. Sonen til Fredrik Magnus, Johannes Kreuz Magnus, var ein høgt elska musikkperson i bygda. Mange kjenner nok "Sirivisa" som han har forfatta. Han var klokkar, og eldre folk kan enno hugsa når Kreuz, med sitt staslege, kvite skjegg, gjekk syngande til arbeid-



Georg Washington Magnus framføre huset i Hogganvik.

det i Imsland kyrkje. Kreuz Magnus skal og ha hatt ein grammofon, og han lytta gjerne til klassisk musikk, noko som på den tida var uvanleg i bondemiljøet.

Ut i verda

I 1866 tok Georg Daniel og Sina med seg sonen sin og flytta til Danmark, der Georg Washington levde barne- og ungdomsåra sine. Han tok eksamen artium i Roskilde i 1882, samstundes som han studerte musikk hos E. Hartmann i København. I 1886 byrja Georg Washington på musikkonservatoriet i Leipzig.

Konservatoriet var grunnlagt av Felix Mendelsohn og Robert Schumann i 1883, og var på denne tida rekna som eit av verdas fremste. Edvard Grieg studerte her frå 1858 til 1862, og Johan Svendsen nokre år seinare. Det var og i Leipzig Agathe Backer Grøndahl vart kjend med Svendsen. Musikkstudentane strøynde til Leipzig for å høyra det beste av operaer, orkester- og kammermusikk. Så her var ein musikkinteressert nordmann komen på rett plass.

Året etter at Georg Washington tok til med studiane sine, byrja den norske komponisten Hjalmar Borgstrøm og her. Borgstrøm var særleg begeistra over å kunne høyra operaer av Richard Wagner under leiing av dirigent og komponist Gustav Mahler. Me må tru at vår mann, Georg Washington, og fekk ta del i desse opplevingane. Ein kan få inntrykk av at det bare var menn som studerte musikk i Leipzig, men om lag halvparten av studentane der på denne tida var kvinner frå ymse stader i Europa.

Dirigent for Harmonien i Bergen

Med fullført musikkutdanning i bagasjen reiste så Georg Washington tilbake til Noreg.

Han møtte kjærleiken i Bergen og gifta seg med Johanne Colbjørnsen Munck f. Beyer i 1890. Året etter kom det fyrste barnet, Aagot Lilly Beyer Magnus, til verda. Faren laga ein nydeleg melodi til henne; "Weigenliedchen", eller Den litle gråtesongen, som me ville kalla han. Stykket står i samlinga "Klaverstykker" op.18. I denne samlinga finn me og stykket "Andante". Her får me kjensle

av at Georg Washington lyfter blikket over dei høge fjella og ut i den store verda.

Så vart stillinga som dirigent for Musikkelskapet Harmonien ledig. Washington vart tilsett og byrja seinhausten 1892. Under den fyrste konserten 26. november dirigerte han blant anna Felix Mendelsohns fjerde symfoni i A-dur, fiolinkonsert av Max Bruch i g-moll, og Edvard Griegs stykke "Landkjenning" for solo, kor og orkester. Seinare på hausten fekk publikum høyra både Beethovens symfoni nr.7 i A-dur, utdrag frå Wagners "Valkyrie", og hans eigen komposisjon "Fuglenes Sommersang" for damekor og orkester frå verket "Østen for Sol og Vesten for Maane", med tekst av Holger Drachmann. På nyåret 1893 dirigerte Georg Washington musikk av Franz Schubert, (strykekvartett i g-moll) Christian Sinding, Robert Schumann og Johan Svendsen sin "Zorahayda".

Vanskelege tider på heimgarden Hogganvik førte til at Georg Washington vart beden om

å koma heim og overta. Damp overtok for segl, og arbeidslivet på garden Hogganvik var totalt endra. Med det og det yrande folkelivet. Handverkarar og tømmerhoggarar var for lengst dratt til andre stader. Georg Washington reiste frå Bergen, og den kjende komponisten Johann Halvorsen vart ny dirigent i Harmonien.

Heim til garden Hogganvik

Det var ikkje lett for Georg Washington å koma heim igjen til Hogganvik. Han kjende seg einsam med musikken og komposisjonane sine. Korleis skulle han få gjort musikken sin kjend? Han tok pennen fatt og skreiv eit brev til Edvard Grieg, der han bad Grieg om å sjå i gjennom komposisjonane:

Naar eg omsider bryder over tvert og giver mig til at skrive til Dem, er grunden udelukkende den, at eg ikkje ser anden Udvej. At eg kommer til at plage dem, er Desværre altfor rimelig, men eg haaber dog at det maa blive saa lidt som mulig. Næst efterat bede Dem varvel elskværdig at gennemse de tvende

orkesterkompositioner og sangene og sige mig Deres mening om Sagerne, om Deres mangler.

Og han legg til: "...bede Dem vise mig den overstore Velvilje at lægge ind et ord for mig hos Hr. Wilhelm Hansen". Wilhelm Hansen Musikforlag var på denne tida det forlaget mange unge og lovande komponistar nytta.

Det er tydeleg at Edvard Grieg gjekk god for Georg Washington Magnus sine komposisjonar, for berre få år seinare kom songane ut. Dette var songar der Georg Washington hadde nytta tekstar av Nordahl Rolfsen, Vilhelm Krag, Heinrich Heine og Adam Gottlieb Oehlenschläger.

Komponisten som aldrande mann, truleg teke etter at han kom til Stavanger



Komposisjonane var tileigna vener eller skildra stemningar som han fekk når han vandra langs strendene eller ned den magiske bøkalleen på Hogganvik. Alleen står der den dag i dag, og er omlag 250 år gamal. Særleg vakker er songen "Barnets Julesang", tileigna Holger Eide, som mange her i Vikedal er kjend med, men og "Ved Stranden" tileigna Hogganvik.

Me har nemnd Georg Washington sin bruk av tekstar signert Vilhelm Krag. Krag vert rekna som talsmann for nyromantikken, ei retning innan litteraturen som stod i kontrast til 1880-åra sin kvardagsrealisme. Stemningar vart skildra djupare enn før. Dette kan me sjå i teksten "Græd kun, du blege" av Krag, som Georg Washington har tonesett:

Græd kun, du blege bedrøvede barn, kanskje det sorgen lætter.

Gjærne jeg vilde vel sidde hos dig, alle de sorgtunge nætter.

Varsomt skulde eg stryge min haand over dine lokker lange.

Jeg skulde sidde og nynne for dig alle mine tungeste sange.

Eller me kan henta fram "Gyngeviser"; Frem og tilbake, frem og tilbake, alle dine sollyse levedage.

Jeg skal vugge dig, venne min, vugge dig lige i himmelen ind, vugge din sorg til hvile.

På slutten av 1800-talet var tuberkolose ein alvorleg sjukdom som ramma mange barn. Dette kan ha vore bakgrunn for Krags dikt. Georg Washington og Hanna opplevde sjølv å miste tre barn i ung alder.

Europa kallar

Georg og Johanne, eller Hanna som ho vart kalla, fekk sitt andre barn, Ottar Georg, i 1896.

Han vart døypt i Imsland kyrkje. Men no tok Georg Washington til å lengta mot Europa og musikkmiljøet der. I 1898 selde han garden Hogganvik, og reiste med familien, Hanna og to barn, til København. Han hadde fått tilbod om dirigentjobb for orkesteret i "Tivoli" og som kapellmeister ved "Casino", som var eit privat teater.

I Danmark kom to nye barn til verda, gutane Fritjof de Fine von Krogh f.1901, og Birger Daniel Barth f.1904. Fritjof vart berre eitt år gamal. Berre fem år seinare, i 1909,

døyr guten Ottar Georg berre 13 år gamal. Han vert gravlagt i Gentoftte. Til Birger skreiv Georg Washington ein vakker voggensong.

Organist i Stavanger

I 1912 kom Georg Washington og familien tilbake til Noreg og busette seg i Stavanger. Georg Washington Magnus hadde fått stilling som organist i St.Petri Kyrkje, og som fast kapellmeister ved byens teater, som den gong heitte Stavanger Faste Scene. Han tok og på seg arbeidet som dirigent for Orkesterforeningen, der han blant anna fekk framført fiolinkonserten sin.

Washington vart no sett på som den leiande krafta i Stavanger sitt musikkliv. Han var den fyrste dirigenten som sette opp ein opera i Stavanger, nemleg "Carmen", av namnebroren George Bizet. Og det er under oppføringa av operaen "Carmen", at Georg Washington bryt saman og døyr, 21. januar 1917, berre 54 år gamal. Han ligg gravlagd i Stavanger.

Nekrologen i Stavanger Aftenblad 24. januar 1917 syner den posisjonen Georg Washington hadde i musikklivet i byen:


... Magnus var et utpræget orkestermenneske, av dem man sjeldan finder.

Med klar ro forenet med en inspirerende kraft ledet han denne forening frem til en utvikling, den aldrig tidligere har naadd. Han stillet krav om fagmusikere til støtte for amatørerne, derved opstod det samarbeide mellem Orkesterforeningen og Teaterorkesteret som har været til fordel for begge.

Idet den forbindelse begyndte, for halvandet aar siden, overtok Magnus ogsaa ledelsen av det nydannede Teaterorkester og opgav efterhaanden endel av sit skolearbeide og ledelsen av Kommunekorpset.

Og vidare står det at "han gav seg med liv og sjæl hen i dette arbeidet. Men han var allerede da en merket mann." Sjølv skal han ha uttalt: "Naar jeg lægger mig om kvelden faar jeg ikke sove... musiken lyder igjen i mig og gir mig ikke ro. Og lægemlig er eg saa træt, at jeg maa ligge, naar jeg ikke arbeider."

Det er tydeleg at Magnus' død var eit eit merkbart tap for musikklivet i byen. Det kjem fram i nekrologen at han har bana vegen for noko nytt og varig: "...han fik gjøre de anstrengende, men grundlæggende forarbeider til et nyt musikliv. Det han har utført, viser dog, at haver grobund for en rikere utøvelse av den kunst, som meir end nogen an-



Fin framside på noteheftet med sanger til tekstar av Wilhelm Krag.

den lægger skjønnhet og harmoni over menneskesindene."

Komponisten Georg Washington: Ein karakteristikk

Kva kan me så seia om musikken til Georg Washington Magnus? Sett i lys av tida han levde i føyer Magnus seg inn i den romantiske tradisjonen som var den rådande musikkretninga på 1800-talet.

Det musikalske og kunstnarlege miljøet i Europa var på slutten av 1800-talet prega av impresjonistiske strøymingar. Inntrykk kring ljøs og skugge vart skildra, og ein prøvde å gje uttrykk for det ein sansa. Målaren Paul Cezanne og komponisten Claude Debussy var bae talsmenn for denne retninga. I mu-

sikken vart det no nytta tettare klanger, då komponistane no søkte eit meir metta tone-
språk. Det vart og nytta nye skalaformar.

Georg Washington nyttar ikkje dei typiske musikalske trekka frå denne perioden. Det er som om han kvilar trygt og godt i det romantiske landskapet, der uttrykk for kjensler og stemningar får rom, og der han tek i bruk den tradisjonelle funksjonsharmonikken. Det var og vanleg i romantikken å søke attende til middelalderen. Segner og eventyr vart inspirasjonskjelde, slik me kan sjå hos Richard Wagner. Georg Washington tok og i bruke eventyr i sitt verk som me tidlegare har nemnd, nemleg kor- og orkesterverket "Østen for Sol og Vesten for Maane". Mange henta inspirasjon frå folkemusikken, slik ein høyrer i Edvard Griegs musikk. Hos Magnus er det, slik eg ser det, lite spor av folkemusikk. Ein kan og seia at George Washington til tider skriv programmusikk. I dette ligg at han skildrar bestemte hendingar og har noko konkret i tankane når han skriv musikk, som til dømes skildringane av naturen i Hogganvik. I nokre av dei instrumentale stykka til Georg Washington får ein kjensle av musikk for dei store europeiske salongane. Samstundes er det ein intimitet i songane, kanskje fordi stemningar og personlege opplevingar har fått rom i tonematerialet. Georg Washington viser, etter mitt syn, ei særleg god stilkjensle når han komponerer musikk til tekstar.

Den musikalske produksjonen til Georg Washington Magnus omfattar og to symfoniar, ein fiolinkonsert, strykekvartettar, musikk for kor og orkester, med nemningane "Fangen på Zenda" og "St.aftens Spill", romansar og ein heil rekke småstykke for piano. Me veit og at han tok til med ein opera med tittelen, "Salighetens Ø". Men kor dette operafragmentet no ligg lagra, er uvisst.

Vikedal bygdemuseum ynskjer å ha ein musikalsk profil ved å henta fram musikk frå den klassiske tradisjonen på Haugalandet. Om nokre av årboka sine lesarar har informasjon som dei vil dela med oss, ta kontakt!



I dag er moloen i ganske god stand, kanskje betre enn nokon gong. Men det kunne vore ønskeleg med litt meir parkeringsplass. Men etter at båthamna til handelslaget kom, så er ikkje presset på moloen like stort. Berre når det blir sterk vind frå sør, rømer mange med båtane sine over fjorden til ein trygg stad. Dei siste åra har det vel vore rundt 25 båtar stasjonerte fast på moloen, ikkje fullt så mange om vinteren. Men mange av oss driv med litt fiske året rundt, og då må me ha båt på sjøen. Og kvar einaste dag så sant veret tillet det, så landar det fisk på moloen. Det er ein triveleg plass å møtast, og praten går lett oss "fiskarar" i mellom. Kor hadde du garnet ditt? Kor mykje tau brukte du? Kva omfar brukar du? Og ikkje minst: Kor mykje fisk fekk du? Den som ikkje svarar skikkeleg på slike spørsmål, høyrer ikkje heime på Moljå. Slik har det vore frå dag ein. Det har liksom laga seg eit spesielt miljø blant dei som er faste brukarar, eit miljø som me håpar vil halda seg.

I dag er det stort sett hobby- fiskarar som held til her, bortsett frå to-tre då som driv litt meir seriøst. Frå først av var det fiskarar og fartøyfolk som dominerte på moloen. Slik var det i lang tid, men gradvis kom det forandring. Gamlekarane forsvann ein etter ein, og få tok opp arven deira for alvor. Ei tid auka lystbåtane sterkt i tal, og Sandeid båtforening viste interesse for hamna, men så bygde Sandeid Handelslag ut båthamn som båtforeninga driv, og dermed så forsvann presset på Moljå.

På Moljå har me ei blanding av privat og offentleg eigedom. Det har fungert tolleg bra i alle år, men det kan kanskje lett bli gnisningar, særleg viss det kjem mange brukarar som ikkje kjenner forholda. Moljå har vore ein populær plass for mange i alle år. Frå tidleg av samlast alltid "Gamle-

karane" her søndag føremiddag til drøs og for å få vita nytt, særleg då om fiske og båtar. Det var først og fremst folk frå grenda Vestbø som samlast, men det kom ofte mange andre, til med frå andre bygdar.

Sommarstid finn du folk her frå tidleg om morgonen. Moljå er ein populær plass og for feriefolk, her er det alltid eitkvart som skjer. Plutseleg så kjem ein laksefiskar inn med seks- sju store laksar, så kjem ein som har vore og trekt langegarn og fått storfangst. Seinare på dagen så blir det slept inn eit markrell-steng for levering. Men mange finn seg aktivitetar sjølv. Både på Holmen og langs Moljå finn både store og små seg til rettes med fiskestanga. På fine dagar er det og eit yrande badeliv, og om kveldane er det dei som kosar seg med eit lite bål og grilling. Dei siste åra har det vore mange utanlandske turistar innom Moljå. I fleire år har det vore ein tysk kunstmalar, Josef, som har budd i campingbilen sin i to- tre veker. Han har måla mange bilete med motiv frå hamna, han har og vore fast gjest på naustfesten som Gurine og Johan har arrangert i fleire år. Naustfesten er med på å styrkja det gode miljøet på moloen, som me så gjerne vil behalda.

Kva framtid har så moloen i Sandeid? I dag har den status som fiskerihamn, som først og fremst yrkesfiskarar har rett til å nytta seg av. Men talet på yrkesfiskarar i vårt distrikt minkar, og difor har nok Statens Hamnevesen ikkje lenger dei store interessene her inne. Heldigvis er hamna i god stand, så ho kan fungera godt i mange år enno. Og at me i Sandeid har bruk for ei skikkeleg og verkeleg trygg hamn, får me ofte bevis for. Sønnavinden morskar seg framleis til og gjer Sandeidfjorden til ein farleg stad, og då kan det vera gildt å få koma inn med båten ein stad der han ligg trygt og godt.

Sauemerke

Serien om sauemerke fekk me ikkje plass til i denne utgåva av Vindetreet. Framhald av presentasjonen av sauemerka vil koma i seinare utgåver eller i eit særtrykk. Dette vil bladstyret koma attende til.





NORGES MUSIKKHØGSKOLE



50117554

KLAVERSTYKKER

Georg Washington Magnus.


1. Wiegenliedchen.
2. Menuet.
3. Andante.
4. Etude.

Forlæggerens Ejendom for alle bande.

KJØBENHAVN & LEIPZIG.

Wilhelm Mansen, Musik-Forlag.

C
13
Ma



Monica Nicolaisdatter Haugan skreiv i fjor ein artikkel i årboka for Haugalandsmusea om komponisten Georg Washington Magnus frå Hogganvik.. Me takkar skriftstyret for at me har fått løyve til å trykkja han oppatt her i Vindtreet. Denne årboka kjem ikkje ut i år, men me gler oss til ny utgåve i 2008.

Framsidediletet:

Målaren Tycho C. Jæger er på vitjing hos sokneprest Deinbold i Vikedal i 1851.

Måleriet «Vigedal seet fra Præstegaards Haven» er blitt til under dette besøket.

Måleriet heng i Historisk Museum i Bergen.

Kommunen kjøpte i 1983 kopi av dette måleriet og eit anna som han og måla same året. Det andre med utsyn frå Opsal.